

Møtebok for Generalforsamlinga i SpareBank 1 Sogn og Fjordane

Møtestad: Fysisk i Førde
Møtedato: 27. mars 2025

Sak 1-2 Registrering og val av person til å signere møteboka

Leiar i generalforsamlinga, Jakob Andre Sandal, opna møtet.

Desse møtte: Ole Henrik Mølmann, Jakob Andre Sandal, Monika Refvik, Rune Vosseteig, Arne Sæterbakken, Falk Tewes, Harald Slettvoll, Tore Thorsnes, Ingunn Sognnes, Brigt Samdal, Ranveig Årskog, Torill Rysjedal Bygnes, Irene Bjørndal, Kjartan Habbestad, Jon Rune Heimlid og Randi Engen

Desse medlemmane hadde meldt forfall og møtte ikkje: Anita Nordheim, Katrine Myklebust, Christine Nikøy Rogne, Ragnhild Helgheim, Helge Holm Marøy

Desse varamedlem møtte: Arne Håkon Laberg, Tor Ulsten, Geir Støfring

Dessutan møtte:

Frå styret: Styreleiar Lise Mari Haugen

Frå Deloitte: Hallgeir Bruvik

Frå administrasjonen: Trond Teigene (CEO), Frode Vasseth (CFO)

Sekretær: Lillian Loen

Val av person til å signere møtebok: Margunn Grytten Selvik

Sak 3 Godkjenning av innkalling

Skriftleg innkalling er sendt til alle medlemmer og varamedlemmer av generalforsamling 06.03.25. Innkalling er med det sendt minimum 14 dagar før møtet i generalforsamlinga skal finne stad, jf. finansføretakslova § 8-3 (1) og allmennaksjelova §§ 5-10 og 5-11 b.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner samrøystes innkallinga

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Sak 4 Godkjenning av saklista

Innkalling med sakliste og saksdokument er gjort tilgjengeleg på banken sine heimesider www.ssf.no den 06.03.25, i samsvar med finansføretakslova § 8-3 (1), allmennaksjelova §5-11 a og vedtektene § 3-7. Innkalling og saksdokument er også gjort offentleg gjennom Oslo Børs si meldingsteneste www.newsweb.no den 06.03.25.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner samrøystes saklista

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Sak 5 Orientering frå administrerande direktør

Administrerande direktør orienterte om stoda i banken - drift og strategi.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga tek orienteringa til vitande

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 6 Godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024, under dette disponering av overskot og utdeling av utbytte.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane sin årsrapport følgjer som vedlegg nr 1.

Årsrapporten inneheld mellom anna:

- Styret si årsmelding
- Resultatrekneskap, balanse, eigenkapitaloppstilling, kontantstraumoppstilling og noteopplysingar
- Utgreiing om styring av verksemda
- Berekraftsrapportering for banken

Frode Vasseth orienterte om årsrekneskapen for 2024.

Revisor Hallgeir Bruvik orienterte kort om revisjonen.

Styreleiar Lise Mari Haugen orienterer om fokus i styrearbeidet.

Årsoverskotet som generalforsamlinga skal disponere er som følgjer:

Resultat etter skatt morbank	kr 918.681.333
Renter til hybridkapital	kr - 37.272.145
Til disposisjon	kr 881.409.188

Framlegg til vedtak

Årsrekneskapen som vedlagt vert godkjent som banken sin årsrekneskap for 2024.

Generalforsamlinga vedtar at årsresultatet for 2024 vert disponert som følgjer:

Utbytte (kr 20,00 pr EK-bevis)	kr 388.489.740
Gåver	kr 20.000.000
Utjamningsfond	kr 363.200.932
Anna grunnfondskapital	kr 109.718.516
Sum disponert	kr 881.409.188

Utbytte skjer på grunnlag av eigarsamansetning pr 27. mars og med utbetaling 10. april.

Styret si årsmelding, revisjonsmelding og utgreiing om styring av verksemda vert tatt til orientering.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 7 Fastsetting av godtgjersle til revisor for 2024

I samsvar med finansføretakslova § 8-17 skal generalforsamlinga godkjenne ekstern revisor si godtgjersle. Godtgjersla følgjer av rekning og er spesifisert i note 26 til rekneskapen. Godtgjersla er også handsama i revisjonsutval 28.02.2025 og styremøte 04.03.2025.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner revisor si godtgjersle på kr 1.119.742 for 2024. Av dette gjeld kr 1.017.756 lovpålagt revisjon, medan kr 101.985 gjeld andre tenester.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 8 Val av revisor

I samsvar med vedtektene § 3-9 skal generalforsamlinga vedta val av ekstern revisor. Gjeldande revisor er Deloitte AS. Deloitte AS har vore revisor sidan 2017 og banken inngjekk i fjor ein ny og forlenga avtale med Deloitte AS. Styret tilrår å vidareføre samarbeidet med Deloitte AS som revisor.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner val av Deloitte AS som ekstern revisor.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 9 Styret si fråsegn om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette.

Styret skal i medhald av finansføretakslova § 8-3 (1), jf allmennaksjelova § 5-6 (3) og § 6-16a legge fram for generalforsamlinga ei fråsegn om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette med slikt innhald som fastsett i allmennaksjelova § 6-16a.

Fråsegna følgjer som vedlegg nr. 2 til denne saksframstillinga. Det vert vist til fråsegna utan nærmare merknader. Det vert tilrådd at fråsegna vert teken til vitande.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga tar styret si fråsegn om fastsetting av løn og anna godtgjersle til leiande tilsette til vitande slik denne er formulert i vedlegg nr. 2 til denne saksframstillinga.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 10 Styret sine retningslinjer for fastsetting av lønn til leiarar (generalforsamlinga sitt vedtak er rådgjevande).

Styret skal i medhald av finansføretakslova § 8-3 (1), jf. allmennaksjelova § 5-6 legge fram for generalforsamlinga retningslinjer for fastsetting av leiarlønner.

Banken sin etablerte politikk og konsept for yting av godtgjersle til leiande tilsette, som skildra i styret si fråsegn om godtgjersle til leiande tilsette i sak 8, vil verte vidareført i rekneskapsåret 2025. Vedlegg 2 i sak 9, vil derfor også vere retningslinjene som er grunnlaget for vedtaket i denne sak 10.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner at gjeldande retningslinjer for leiarlønner vert vidareførte.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 11 Retningslinjer for tildeling av eigenkapitalbevis, teikningsrettar, opsjonar og andre former for godtgjersle som er knytt til eigenkapitalbevis i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, til tilsette.

Banken har ei spareordning for tilsette, der tilsette ved kjøp av eigenkapitalbevis i SpareBank 1 Sogn og Fjordane får rabatt i form av tildeling av ekstra eigenkapitalbevis etter to år binding. Nytilsette får eit gitt tal ek-bevis som ein start på spareordninga. Utover dette har banken ikkje godtgjersleordningar i form av tildeling av eigenkapitalbevis, teikningsrettar, opsjonar eller andre former for godtgjersle knytt til eigenkapitalbevis.

Styret ber om fullmakt til kjøp av eigne eigenkapitalbevis med formål om retta sal til tilsette i konsernet og medlem og varamedlem av styret. Ved slikt sal til tilsette vil det bli gitt rabattar til tilsette for å gi incitament til auka eigarskap i banken. Styret har også høve til å tildele ekstrabetalingar i form av EK-bevis til tilsette for inntil 1,5 månadslønn som ein del av banken sin generelle lønnspolitikk. Slik ekstrabetaling skal gjelde for alle tilsette, og skal ikkje gi insentiv til ekstra risikotaking.

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner retningslinjer for tildeling av eigenkapitalbevis, teikningsrettar, opsjonar og andre former for godtgjersle knytt til eigenkapitalbevis som beskrive over.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 12 Endring av vedtekter

Styret har fremja forslag om justering av ordlyd i vedtektene i § 3-6, § 3-7 og § 4-4. I §3-6 er det forslag om to endringar som har til hensikt å fjerne tvil om tolking. I §3-7 foreslår styret å utvide fristen for ordinær generalforsamling frå utgangen av mars til utgangen av april. Dette er gjort for å gi rom for eventuell ekstra tidsbruk knytt til avlegging av årsrapport dersom det kjem nye krav knytt til berekraftsrapportering. Den siste endringa i §4-4 er knytt til at det er komme oppdaterte lovmessige krav til revisjonsutvalet sitt arbeid og vedtektene er foreslått oppdatert i tråd med dette. Framlegg til oppdaterte vedtekter følgjer som vedlegg 3 (rein versjon) og vedlegg 3a (endringsmarkert versjon).

Framlegg til vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner endringane i vedtekter slik dei er foreslått i vedlegg 3 til innkalling.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 13 Fullmakt til kapitalauke og kjøp av eigne eigenkapitalbevis

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har ved årsskiftet ei kapitaldekning på 20,6 % og rein kjernekapitaldekning på 17,1 %. Banken er solid og har god margin til gjeldande regulatoriske krav.

Banken ønskjer å ha beredskap for å hente ny ansvarleg kapital for å oppretthalde og eventuelt styrke denne soliditeten. Styret fekk i generalforsamlingsmøte 22.03.24 fullmakt til å hente inntil 500 millionar kroner i fondsobligasjonar, 600 millionar kroner i ansvarlege lån og 2000 millionar kroner i anna etterstilt gjeld. Vidare fekk styret fullmakt til å kjøpe tilbake eigenkapitalbevis for samla pålydande inntil 150 millionar kroner.

Desse fullmaktene har ei lovbestemt maksimal varigheit på 18-24 månadar. I prinsipp for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) er det tilrådd at styrefullmakt til kapitalauke ikkje bør gjelde lenger enn til neste ordinære generalforsamling og bør avgrensast til konkrete formål. Vi ønskjer å tilpasse oss NUES på dette punktet og har derfor lagt oss på ei varigheit fram til neste ordinære generalforsamling, og dermed ei årleg fornying av fullmaktene.

Styret foreslår ei vidareføring av fullmaktene knytt til fondsobligasjonar, ansvarleg gjeld, etterstilt gjeld og tilbakekjøp av eigenkapitalbevis.

Styret inviterte generalforsamlinga til å gi styret fullmakt i tråd med det som er skissert under.

Framlegg til vedtak

- 1 Fullmakt til å overta eigne eigenkapitalbevis:
 - a) Styret vert gitt fullmakt til å overta eigne eigenkapitalbevis for samla pålydande 150 millionar kroner innanfor dei rammer som er fastsette i lov og forskrift. Det minste og høgste beløp som kan betalast for det einskilde eigenkapitalbevis er høvesvis kr 50,- og kr 400,-.
 - b) Fullmakta skal gjelde til neste ordinære generalforsamling.
 - c) Den samla pålydande verdi av eigenkapitalbevis som banken eig eller har avtalepant i, skal ikkje overstige 10 prosent av banken sine totale pålydande eigarandelskapital.
 - d) Før ei eventuell børsnøtering kan eigenkapitalbevis kjøpast direkte frå eigar i andrehandsmarknaden. Etter ei eventuell børsnøtering skal slikt erverv skje ved kjøp i verdipapirmarknaden via børse.
 - e) Eigne eigenkapitalbevis kan nyttast til retta sal eller tildeling til tilsette i konsernet og styre- og varamedlem til styret.
 - f) Fullmakta føreset registrering i føretaksregisteret og Finanstilsynet si godkjenning.
- 2 Fullmakt til å utferde fondsobligasjonar:
 - a) Styret vert gitt fullmakt til å utferde fondsobligasjonar med pålydande verdi inntil 500 millionar kroner
 - b) Fullmakta til slik utferding gjeld til neste ordinære generalforsamling.

3 Fullmakt til å utferde ansvarleg lån:

- a) Styret vert gitt fullmakt til å utferde ansvarleg lån med pålydande verdi inntil 600 millionar kroner.
- b) Fullmakta til slik utferding gjeld til neste ordinære generalforsamling.

4 Fullmakt til å utferde etterstilt gjeld (Tier 3-gjeld):

- a) Styret vert gitt fullmakt til å utferde etterstilt gjeld utover ansvarleg lån og fondsobligasjonar med pålydande verdi inntil 2.000 millionar kroner.
- b) Fullmakta til slik utferding gjeld til neste ordinære generalforsamling.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 14 Val av styremedlemer

Sak 14.1 Val av medlemer og varamedlem til styret med unntak av medlemer og varamedlemer som vert valde av dei tilsette.

I samsvar med vedtektene § 4-1 og § 5-1 og instruks for valnemndene i SSF, legg valkomiteen for generalforsamlinga fram forslag til styresamansetjing frå 2025.

Styremedlemmer som er på val i år er:

Lise Mari Haugen, styreleiar

Magny Øvrebø, nestleiar

Johnny Ivar Haugsbakk

Kristian Skibenes

2. varamedlem Hanne Katrine Mundal

Leiar i valnemnd, Marit Lofnes Mellingen orienterte om kompetanse m.m. for nye styremedlemmer:

Det er dei 4 siste åra gjort ei rekkje utskiftingar i styret ved val, og sist år fekk vi inn to nye styrerepresentantar. Det er valnemnda si vurdering at styret fungerer godt, har rett og god kompetanse med rett breidde og variasjon. Valnemnda vurderer vidare at ein no bør sikre kontinuitet og konsolidering i kommande år, og føreslår difor attval på alle faste styremedlemmer og 2.varamedlem som er på val. Styreleiar Lise Mari Haugen er også på val som leiar av styret. Det er valnemnda sitt framlegg at Lise Mari Haugen blir attvald som leiar i styret for 2 år.

Valkomiteen sitt framlegg til vedtak for val av styremedlemmer:

Val av styremedlemmer for 2 år:

Lise Mari Haugen, leiar - attval

Magny Øvrebø - attval

Johnny Ivar Haugsbakk - attval

Kristian Skibenes - attval

Val av 2. vara til styret for 2 år:

Hanne Katrine Mundal - attval

Val av leiar i styret for 2 år:

Lise Mari Haugen - attval

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 14.2 Orientering om val av tilsette sine representantar til styret

Tilsette kan krevje to styrerepresentantar med varamedlemer. Det er berre tilsette som kan fremje forslag og stemme ved val av tilsette sine representantar til styret.

Dei tilsette som var på val i år er Camilla C. Holvik som medlem, og Helene Gåsemyr som varamedlem.

Resultat frå valet blant dei tilsette:

Tilsetterelevant til styret for 2 år:
Stine Solheimsnes Sunde

Varamedlem i 2 år:
Helene Gåsemyr

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga tok orienteringa til vitande

Sak 15 Val av leiar i generalforsamlinga

Jakob Andre Sandal står på val som leiar i generalforsamlinga.

Valkomiteen sitt framlegg til vedtak:

Leiar for generalforsamlinga for 2 år:
Jacob Andre Sandal (attval)

Framlegg vart samsrøystes vedteke

Sak 16 Val av medlemmer og varamedlemmer til valnemnd for generalforsamlinga for 2 år

I dag er valnemnda sett saman av følgjande medlemmer:

Tore Thorsnes, innskytarvald
Marit Lofnes Mellingen (leiar), EKB-representant
Roger Svarstad, tilsetterelevant

Varamedlemmer:

Christine Nikøy Rogne, Dale, innskytarvald
Randi Engen, Guddal, EKB-representant
Marie Heieren, tilsetterelevant

I år er følgjande på val:

Innskytarrepresentant Tore Thorsnes på val som medlem
EKB-representant og leiar av valnemnda Marit Lofnes Mellingen
Varamedlem innskytarvalde Christine Nikøy Rogne
Varamedlem EKB-representant Randi Engen

Leiar i valkomiteen, Marit Mellingen, og varamedlem Christine Nikøy Rogne ønskte ikkje attval, og valnemnda måtte difor gjere ei heilheitleg vurdering av samansetjing og kandidatar med rett kapasitet og kompetanse og at vi sikrar kjønnsbalansen. Arbeidet i valnemnda har dei seinare år endra omfang og karakter, vi såg oss difor nøydd til å byte ut både EKB-representant og innskytarvalde-representant for å få denne kabalen til å gå opp.

Valkomiteen sitt framlegg til vedtak for val av medlem og varamedlem til valkomiteen for 2 år:

Innskytarrepresentant og leiar av valnemnda: Anita Nordheim – ny

EKB-representant: Helge Holm Marøy – ny

Varamedlem innskytarvalde Tore Thorsnes – ny

Varamedlem EKB-representant Marit Lofnes Mellingen – ny

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga tok orienteringa til vitande

Sak 17 Fastsetjing av godtgjersle og honorar til tillitsvalde

På generalforsamlinga i 2024 vart det gjort ei moderat justering av den faste godtgjersla til leiar og nestleiar i styret, samt ei harmonisering og justering av alle andre godtgjersler, både faste og pr møte, i tråd med forventa løns- og prisvekst. For 2025 tilrår valnemnda at det blir gjort ei justering i tråd med forventa løns- og prisvekst for alle godtgjersler. Valnemnda vurderar vidare at arbeidsmengda knytt til å vurdere og gjennomføre endringar i alle tillitsverv i banken har auka betydeleg dei seinare åra. Mykje av dette skuldast fleire og meir komplekse myndigheitskrav knytt til eignavurderingar og krav til kompetansesamansetjinga i styret og generalforsamlinga. Det fører til at valnemnda i 2025 brukar vesentleg meir tid på kartlegging, dokumentasjon og rekruttering/vurdering av mogelege kandidatar og sitjande i tillitsverv. Det er difor valnemnda si vurdering at det er behov for ei moderat justering av godtgjersla til leiar og faste medlemmer i valnemnda.

Valkomiteen sitt forslag til endring av godtgjerslesatsane er markert med raud skrift i kolonnane til høgre i tabellen.

	Sats pr år 2024	Pr møte 2024	Sats pr år 2025	Pr møte 2025
Generalforsamling				
Leiar	33 000	4 000	34650	4 200
Medlemer		4 000		4 200
Varamedlemer		4 000		4 200
Styret:				
Leiar	260 000	5 500	273 000	5 800
Nestleiar	145 000	5 500	153 000	5 800
Medlemer	100 000	5 500	105 000	5 800
Varamedlemer		8 500		9000
Valnemnd generalforsamling				
Leiar	33 000	4 400	50000	4 700
Medlemer	6 000	4 400	11550	4 700
Varamedlemer		4 400		4 700
Valnemnd EKB eigarar				
Leiar	6 000	4 400	6 300	4 700
Medlemer		4 400		4 700
Varamedlemer		4 400		4 700
Kompensasjonsutval				
Leiar	11 000	4 400	11 550	4 700
Medlem	6 000	4 400	6 300	4 700
Revisjonsutval				

Open

Leiar	22 000	4 400	23 100	4 700
Medlem	11 000	4 400	11 550	4 700
Risikoutval				
Leiar	22 000	4 400	23 100	4 700
Medlem	11 000	4 400	11 550	4 700

*Møter under 2 timar har halv sats.

Framlegg til vedtak:

Honorarsatsar til tillitsvalde blir endra i samsvar med tabellen over.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Møtet slutt.

Jakob A. Sandal

Jakob Andre Sandal

Leiar i generalforsamlinga

Margunn Grytten Selvik

Margunn Grytten Selvik

